



Storsund ligg stilt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Enno har ikkje hausten bretta ut sin fantastiske fargesymfoni i bygda vår, men det varar nok ikkje så mange dagane no før det skjer – vi er i det minste godt inne i ouvertyren...



Ouvertyre til ein haust ved Musland...
(Foto: Ola Matti Mathisen).

Og kor fort gløymmer ein ikkje det haustlege ruskeveret som gjekk forut når vergudane spelar opp slik dei gjer på denne torsdagen!

Storsundet, som var i opprør under kulingkasta nokre få dagar før ligg til dømes som ein spegel og ein minnst kva Lars Ljosnes skreiv om septemberstilla der:

*Storstund ligg stilt.
September har kome med haust.
Å, så gildt og fargerikt raust her
når Storsund ligg stilt*

På Nåso har gåsa mista halsen og berre hovudet og kroppen er att. Og spaninga stig: Blir ho heilt borte før den neste snøen kjem?

Av Ola Matti Mathisen



Gåsa har mista halsen (Foto: Ola Matti Mathisen)